



Cowi AS  
Postboks 2422, Solheimsviken  
5824 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2803 - 15/19995

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
09.11.2015

## Godkjenning - GBNR 23/4 - Løyve til oppgradering av VA-anlegg - Grønlandsfeltet

**Administrativt vedtak. Saknr: 397/2015**

**Tiltakshavar:** Meland kommune v/Ordføreren  
**Ansvarleg s kjar:** Cowi AS  
**S knadstype:** S knad om l yve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Cowi AS har ved s knad journalf rt 26.10.2015 s kt om l yve til oppgradering av eksisterande VA-anlegg fr  reinseanlegg til og med Gr nland/Gr nlandsvegen. Tiltaket inneber separering av leidningar for spillvatn og overvatn, samt oppdimensjonering av leidningar. Tiltakshavar er Meland kommune. Vedlagt s knaden ligg tras - og profildeikningar som skildrar tiltaket, samt situasjonsplan/oversiktskart.

### VURDERING:

#### Nabovarsling og privatrettslege forhold:

Tiltaket vart nabovarsla 30.9.2015 i samsvar med pbl § 21-3 utan merknader.

#### Lov- og plangrunnlag:

Leidningstraseen ligg innanfor regulert område. Delar av tiltaket ligg innanfor reguleringsplan for Frekhaug aust (planid 125619930624) og delar ligg innanfor reguleringsplan for Frekhaug senter/Grønland. Tiltaket er i reguleringsføremlå i desse planane.

Leidningsnettlet går til sjø og deler av tiltaket ligg soleis i strandsona, jf pbl § 1-8. I høve til byggjegrænse mot sjø har KPA følgjande føresegn i punkt 1.6, siste kulepunkt:

«Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur, kan graving i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphavlege».

Vilkåret er oppfylt i denne saka, slik at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå kommuneplanen sin byggjegrænse mot sjø.

Kommunen sin godkjente VA-norm skal leggjast til grunn for tiltaket, jf føresegn 1.4.1 til KPA. Tiltaket er elles i samsvar med tiltaksplan/hovudplan for vassforsyning vedteke av Meland kommunestyre 17.12.2014, sak 85/2014. På denne bakgrunn vert tiltaket vurdert å vere i samsvar med føresegn 1.5.2 til KPA som inneheld krav om felles plan for infrastruktur innanfor areal sett av til bygg og anlegg.

Tiltaket vert etter dette vurdert å vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel både kva gjeld arealkart og føresegner.

#### Plassering og utføring av tiltaket:

Tiltaket skal plasserast og utførast som vist på situasjonsplan/oversiktskart og trasé- og profildeikning stempla godkjent 9.11.2015. Tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med pbl §§ 29-1 – 29-4. For konstruksjonar, anlegg og terrenginngrep gjeld dei materielle reglande i nemnde føreseg «så langt de passer», jf pbl § 30-4. Når det gjeld avstand til nabogrense for leidningar under bakkenivå, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet uttalt følgjande i tolkingsuttale publisert 10.6.15 (sak 15/2054):

«Både søknadspliktige tiltak og tiltak unntatt fra søknadsbehandling med hjemmel i pbl. § 20-3 må være i samsvar med de materielle regler i plan- og bygningsloven. Dette innebærer blant annet at reglene om avstand til nabogrense må overholdes, noe som i utgangspunktet også gjelder for nedgravde konstruksjoner og anlegg.

Imidlertid gjelder de materielle regler så langt de passer for konstruksjoner, anlegg, terrenginngrep mv., jf. pbl. § 30-4 første ledd. Noen tiltak har liten eller ubetydelig innvirkning på naboeiendommer. Departementet har i flere uttalelser lagt til grunn at pbl. § 29-4 kan passe for tiltak etter pbl. § 30-4, så som oppføring av mindre forstøtningsmurer og de fleste typer/størrelser av (frittstående) parabolantennar, plassering av septiktank[1], intern veg[2] og vesentlig terrenginngrep[3]. Samtidig er det også klart at noen tiltak har liten eller ubetydelig innvirkning på naboeiendommer. I slike tilfeller kommer ikke avstandsbestemmelsen i pbl. § 29-4 til anvendelse fordi hensynet bak kravet om avstand fra nabogrense neppe er til stede for disse typene av tiltak, jf. hensynet til brannsikkerhet, lys, luft osv (adm. understreking). Det vil i utgangspunktet være opp til kommunens skjønn å avgjøre hvilke tiltak etter pbl. § 30-4 som passer inn under pbl. § 29-4, herunder å avgjøre hvilke tiltak som kan karakteriseres som "mindre" i relasjon til pbl. § 29-4 tredje ledd bokstav b».

Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak vil ha liten innverknad på naboeigedomar i høve til dei omsyn avstandskrava i pbl § 29-4 skal verne. Tiltaket vert difor vurdert som «mindre» i relasjon til pbl § 29-4, tredje ledd bokstav b, jf § 30-4.

Ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar i saka:

<b>Føretak:</b>	<b>Ansvarsområde for godkjenning:</b>
Cowi AS Org.nr 979 364 857 Sentral godkjenning	SØK, ansvarleg søkar (tkl 2) PRO, grunn- og leidningsarbeid (tkl 2)
Nortrans Veg og Anlegg AS Org.nr 997 476 174 Sentral og lokal godkjenning	UTF, Grunnarbeider, etablering av grøfter for VA-leidningar (tkl 3)
Skarsvåg rør og interiør AS Org.nr 979 679 149 Sentral og lokal godkjenning	UTF, rørleggararbeide, etablering av VA-leidningar (tkl 3)

**VEDTAK:**

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a, vert det gitt løyve til graving og nedlegging VA-leidningar på gbnr 23/4 som omsøkt, jf søknad journalført 26.10.2015. Tiltaket skal plasserast og utførast som omsøkt, jf situasjonsplan og plan- og profildeikningar stempla godkjent 9.11.2015.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga ovanfor, jf pbl § 23-3.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna følgjer av vedtaket eller vurderinga over.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Byggeløyyet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

GBNR 23-4 - Godkjente teikningar

**Kopi til:**

Meland kommune v/ordførar  
Øyvind Oddekalv

**Mottakere:**

Cowi AS

Postboks 2422, 5824  
Solheimsviken

BERGEN